

Årsmelding 2023

Styret har i 2023 vart samansett som følgjer:

| | |
|------------------------|---|
| Per Espen Edvardsen | Styreleiar |
| Linda Haug Kollbotn | Nestleiar |
| Anne Gro Aadland | Sekretær |
| Knut m Bjørnås | Styremedlem/dagleg leiar |
| Thea Marie Steinsland | Styremedlem |
| Kurt Hauge | Styremedlem |
| Karl Kollbotn | Kommunal representant (til 01.12.23) |
| Shirin Kvernes Khadoor | Kommunal representant (frå 01.12.23 - 2027) |

| | |
|----------------------------|---|
| Vara medlemmar : | Anna Wærdahl Tveiterås Erlend Steinsland |
| Vara kommunal representant | Tomas Hellevang (frå 01.12.23 - 2027) |
| Revisor : | Arne Nordbø |
| Valnemnd : | Linda Haug Kolbotn og Anne Gro Aadland. |

Medlemsutviklinga:

Ved årsskiftet hadde forumet 32 betalande medlemmar som er ein nedgang på 3 medlemmar samanlikna med førre driftsår. Også gjennom 2023 har næringsforumet vert medlem i Bjørnafjorden næringsråd, og betaler ein årleg kontingent for dette. Medlemskapet gjer at Samnanger Næringsforum sine medlemmar får nyttig informasjon, og har tilgang til arrangement og andre tilstellingar, i regi av Bjørnafjorden næringsråd

Aktivitetane:

Gjennom meldingsåret har styret gjennomført eit ekstraordinært årsmøte og 4 styremøte og 2 bedriftsbesøk-

Eit årleg arrangement er Bjørnafjordkonferansen der i alt 4 styremedlemmar frå Næringsforumet i tillegg til Samnanger kommune sin næringsutviklar og nokre medlemmane i forumet deltok.

Samnanger Kommune sa seg villig til å sponsa billetter til dette arrangementet, noko styret er svært nøgd med..

Tilbakemelding om konferansen har vert positive.

Til styremøte 16.11.23 var referat frå konferansen ein post på agendaen. I denne samanheng var styreleiar for Bjørnafjorden Næringsråd, Synnøve R. Mowinckel, invitert, og bidrog blant anna, til i oppsummering og konklusjonar av fleire tema som vart presentert under konferansen. Andre saker av felles interesse vart og diskutert med Synnøve Mowinckel.

Samnanger Kommune sa seg villig til å sponsa 4 billetter til arrangementet for Næringsforumet, noko styret er svært nøgd med.

Styret tilrår årsmøte å fornya medlemskapet i Bjørnafjorden Næringsråd for inneverande år (2024). Næringsforumet arrangerer sjølv temakveldar og bedriftsbesøk lokalt i kommunen,

Vegbom på vegen til industriområdet i Rolvsvåg.

Styret meiner det ikkje er hensiktsmessig at Næringsforumet skal ha ansvar for rekneskapen for vegbommen på vegen opp til

Rolvsvåg industriområde, og har vert i dialog med kommuneleiinga får å finna ei løysing. Bommen vart montert etter ynskje frå næringsdrivande i industriområdet, og normal opningstid er alle vyrkedagar frå Kl. 05:30 til Kl. 20:00. Utover dette må bommen opnast og stengjast med hjelp av kode på mobiltelefon. Alle brukarane og Samnanger kommune har tilgang til koden dei må bruka.

Ordninga har fungert godt, og har satt ein stoppar på at uvedkomande, inkl. turistar tek seg inn i området. Samnanger kommune har stilt spørsmål om det er lovleg å setja opp bom på ein offentleg veg, og utelukka at dei kan ta over regnskapsarbeidet som følgjer med å drifta bommen. Kommunen har likevel akseptert at ordninga forsett som før.

Næringsforumet arrangerte eit møte med næringsdrivande i området. Av fleire årsaker var frammøte svært dårleg, men ein kom fram til einigheit om at Odland Maskin ved Frode Odland vil sjå på ei ny løysing. Me forstår Frode har kontakta dagleg leiar for Tveit Regnskap Bjørnafjorden AS (autorisert regnskapskontor), for å finna ei løysing. Dette vil truleg medføra noko meir kostnader samanlikna med tidlegare budsjetterte kostnader.

Kurs i regnskapsarbeid, i regi av SpareBank 1 SR-Bank Forretningspartner AS, avdeling Bjørnafjorden, vart halde på kommunehuset Tysse 09.01.2024. Kurset var open for alle og av 14 påmeldte deltok i alt 13 personar. 5 av desse er medlemmar i Næringsforumet,

Hensikta med kurset var å få innsikt i kva næringsdrivande sjølv kan gjera for å få ned kostnadane til regnskapsføring inkludert føring, avstemming og rapportering av MVA avgift.

På førehand hadde Næringsforumet kontakt med Sparebanken Vest, men fekk tilbakemelding om at dei diverre ikkje hadde tilbod om slike kurs.

DNB er også kontakta og fekk tilbod film om: «Frå ide til bedrift», «Regnskapsføring», «Berekraft for bedriftseigarar», «Bedriftslån», «Økonomistyring», «Vekstfinansiering» og «Holdingselskap».

Medlemmar som ynskjer å sjå nærmare på desse filmene, kan få dei tilsendt ved å kontakta til Samnanger Næringsforum.

Høyringsuttalesar:

Innspel til Planprogram for Kommuneplanens samfunnsdel 2023 – 2035.

Mange av dei som bur i Samnanger pendlar ut av kommunen for å kome seg til jobb. Det er avgrensa næringsaktivitet samanlikna med omliggande kommunar til Bergen. Samfunnsplanen bør diskutere korleis Samnanger i større grad kan verta ein attraktiv næringskommune. Dette vil også bidra i retning av ein attraktiv bukommune. Her vil analyse av areal og næringsssamansetning vera grunnlag for status. Viktige vurderingar som skal gjerast i kommuneplanen er:

- Kva mål skal Samnanger kommune ha for næringsutviklinga?
- Kva strategiar og tiltak skal me setja i verk for å nå måla?
- Arealstrategi – rett areal på rett plass?
- Kompetansekartlegging – kva har vi bruk for av kompetanse i framtida?
- Korleis skal Samnanger møte det grøne skiftet?

Samnanger Næringslivsforum er opptatt av at det vert planlagt nye næringsareal helst knytt til direkte forbindelse med RV49. Kommunen må sjølve ta initiativ til å finne, diskutere med grunneigar (ar) samt finansiere nødvendige reguleringsplanar for godkjenning. Areala til kraftkrevjande industri bør ligge så nær som mogleg Børdalen. Sjølv om det p.t. er en godkjent næringsstomt knytte til datasenter, er det her framtidige moglegheiter kan liggja. All kraftkrevjande industri vil levere restvarme og dette er en resurs kommunen bør ha en plan for å kunne utnytte.

For å tiltrekke nye innbyggjarar til Samnanger kommune, bør nye areal for bustadbygging vurderast å utviklast også i maritime omgjenge. Fleire kommunar på Vestlandet har hatt en god utvikling på dette området. Kommunen rådes til å opprette ei gruppe for å greie ut moglegheitene samt utforske eksisterande prosjektet for å finne effektar av etablering.

I samband med dei store vegprosjekta som er under planlegging, må kommunen i samarbeid med vegmyndigheitene, utarbeida ein plan for deponering av steinmassar/overskotsmassar.

Innspel til oppstart Reguleringsplan for fv.49 Steinsdalen-Eikedalen, skredsikring Tåkagjeldet

Samnanger Næringsforum er nøgd med trasevalet for tunnel frå Steinsdalen til Eikedalen, men merka seg at løysinga for mjuke trafikantar frå Byrkjesete til Steinsdalen ikkje er del av løysingar for fv. 49 Steinsdalen – Eikedalen, men løysinga for mjuke trafikantar vil verta handsama i eigen plan.

På vegstrekningen mellom Mørkhølen og Eikedalen er det 3 smale bruer med (ei køyrebane), i tillegg har vegen opp frå Mørkhølen ein svært knapp sving der store køyretøy ofte får problem på glatt føre. Etter Næringsforumet si meining kan det vera formålstenleg å plassera overskotsmassar ved desse smale partia i påvente av utviding seinare.

Innspel til framtidig tilknytning til E134 Haukelivegen med «arm til Bergen».

Statens vegvesen har anbefalt det billigaste alternativet for «arm til» for E134 Haukelivegen frå Jøsendal ved Odda med tilknytning til E16 ved Trengereid. Alternativet fylgjer eksisterande fv.49 via Odda, gjennom Folgefonn-tunnelen og Jondaltunnelen, så med ferje eller bru over Hardangerfjorden og vidare via Norheimsunds og Samnanger.

Dette alternativet er i bruk i dag for trafikk mellom Bergen og Hardanger og vidare mot sør- og austlandet over Haukeli, men med auka trafikk treng vegen utbetringar fleire stader. Løyvingar til nødvendige utbetringar kan takast over tid, men nokre kritiske punkta må utbetrast snarast som fork eksempel å er rassikring av Tokagjelet. For Næringsforumet synes det naturleg at Statens vegvesen og Fylkeskommunen samarbeider om dette prosjektet.

Innspel til Kommunedelplan for akvakultur i sjø.

Styret i Næringsforumet har vurdert utkastet til kommunedelplan for akvakultur i sjø for 2022-2031 med diverse tilleggsdokument. Ein har svært lite å føya til og meiner at planarbeidet med konsekvensanalyse og ROS analyse skildrar tilhøva for eksisterande og ny akvakultur på ein god og oversiktleg måte.

Forumet er samd i at oppdrettsanlegga med Sagen og Nygård får auka areala med høvesvis 109 daa og 34 daa. Forutsetninga er at eit større areal ikkje medfører endring i utslepp og vil heller ikkje medføra endring i konsekvens kva gjeld kystvatn og vassdrag- natur.

Næringsforumet slutta seg til forslaget i akvakulturplanen om å fjerna lokalitetane i Djupedalen og Hetlevika. Djupedalen grunna utsett for isgang og Hetlevika grunna at arealet ligg langt inne i fjordsystemet der vassførekomst har naturleg låge oksygenverdiar. Arealet ligg i tillegg tett på badeplassen i Ospevika.

Forumet peika på at det ikkje er registrert ankringsplass i fjorden, og meiner dette er ein svakheit. Når det gjeld monteringa av NOA Krafla fjord- og sjøkabelen gjennom fjorden, har tiltakshavaren varsla avbøtande tiltak, som skilting, vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.

Næringsforumet sluttar seg til oppsummeringa av føresegnene i kommunedelplanen for akvakultur 2022 – 2031, der det heiter: *Akvakulturnæringa har gjennom si relativt korte historie blitt viktig for sysselsetjing og verdiskaping, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Næringa har bidrege til å oppretthalda og vidareutvikla mange større og mindre kystsamfunn. Samstundes har næringa fått ei aukande og til dels stor rolle for nasjonal verdiskaping og eksportinntekter. I dag er sjømat-næringa den nest største eksportnæringa etter olje og gass.*

I Samnanger er sjømat-næringa viktig del av sysselsetjing og verdiskapinga.

Innspel til bompengerevisjon på nye E 16.

Samnanger Næringsforum hadde fylgjande kommentarar til statens Vegvesen sine moglegheitstudie av bompengefinansiering på nye E16 mellom Arna og Stanghelle:

I førehandsvurderinga om bompengefinansiering av nye E16 er det foreslått 3 bomstasjonar, nemleg mellom Osterøybrua /Asko og Trengereid, mellom Trengereid og Vaksdal og mellom Vaksdal og Stanghelle. Her vil det vera bomstasjonar både på den nye vegen og sidevegen. Formålet med ordninga er at trafikantane skal betala for dei delane av strekninga dei nyttar. Det er ikkje i detalj vurdert takst -og rabattordningar i dette moglegheitstudiet. Dette vil verta greidd ut i samband med det faglege grunnlaget for endelege lokalpolitisk handsaming.

Forumet samtykkjer til at etterskotinnkreving av bompengar er metoden som høver best til nytteprinsippet. Dette betyr at innkreving av bompengar, både på ny veg og sideveg (noverande E 16) mellom Trengereid og Asko, startar samstundes (anslag 2028/2029). Forumet peika på at for trafikken som skal vidare frå Arna mot Nesttun, eller mot Åsane, må passera bomstasjonar også på desse strekningane. (Grimesvingane og Blindheims dalen). Forumet meiner at desse bomstasjonane må takast med i vurderinga når bompengordninga endeleg skal handsamast.

Diverse saker:

Mobildekninga for Rolvsvåg Industriområde.

Mangel på tilfredsstillande mobildekning for industriområdet i Rolvsvåg har vert eit problem for næringsdrivande her over lang tid. Saka har vert belyst fleire gonger, også med artiklar i lokalavisa då god mobildekning og internettforbindelse er infrastruktur som er heilt naudsynt i ei industriområde som i Rolvsvåg.

Saka var på agendaen til formannskapsmøte 8.02 2024 då det vart foreslått å løyva midlar til å dekkja kostnadene for å byggja ut mobildekninga til eit akseptabelt nivå. Styret i Næringsforumet er takksame for at problemet no ser ut til å funne ei løysing.

Forlenging av byggefrist for Aldal kraftverk,

Næringsforumet opprettheld kommentarar som i vårt brev datert 20.09.2012, særleg gjeld dette spørsmålet om eventuelle negative miljøkonsekvensar ei regulering Fitjavatnet vil ha, både som drikkevatt-kjelde for kommunen og for friluftsliv og naturopplevingar i område, sumar som vinter. Området rundt Fitjavatnet er mykje brukt som friluftsområde, ein aktivitet som har auka etter at ny køyrbar veg, i samband med røyrlidning for drikkevatt, vart bygd inn til vatnet.

I brevet frå søkjar er det opplyst at ein søker om å regulera Fitjavatnet mellom +0.0/-1,1 meter frå *dagens vannnivå på 336 moh*. Søkjar har opplyst at normal vann stand er 335,1 meter. Næringsforumet si forståing er at det omsøkte reguleringsnivået ligg innafor dagens eigenreguleringsnivå, og vil fylgjeleg ikkje innebera nye neddemt eller tørrlagte områder.

For å ta vare på naturmiljøet i og rundt elva, er det, i følgje NVE, eit krav minstevassføring på 30 l/s heile året. Det må også etablerst ein anordning som viser at slik minstevassføring vert halden til ei kvar tid, og at minstevassføringa lett kan kontrollerast til ei kvar tid.

Næringsforumet har merka seg at styret i Aldal Kraft AS, på grunn av avgrensa plass i friluft, ynskjer å sprengja ut ein fjellhall der kraftstasjonen vert bygd. Me har ingen kommentarar til dette eller tiltaka som omhandlar røyrlidninga frå inntaksdammen til stasjonen.

Informasjonsmøte om Elektrifisering av Yggdrasil med kraft frå Børdalen.

Næringsforumet har handsama, og gitt uttale til konsesjonssøknaden om elektrifisering av NOA og Krafla eller Yggdrasil oljefelt i Nordsjøen. Søknaden går ut på å overføra 40 MW straum i 2026 , med opptrapping til 140 MW i 2029, frå Børdalen trafostasjon til oljefelta i Nordsjøen.

Næringsforumet peika særskild på at utbygginga skjer samstundes med mange andre gode tiltak som og vil redusera forureininga og samstundes skapa nye «grøne» arbeidsplassar. For Samnanger sin del kan det planlagde datasenteret i Børdalen stå i fare. Andre eksemplar er batteri og hydrogenfabrikkar, ladestasjonar for bilar og skip. I Samnanger treng ein sårt nye arbeidsplassar i og med at 50% – 60% av arbeidsføre må pendla ut av kommunen for å finna arbeid.

Som venta har utspela frå Næringsforumet, og andre instansar, ikkje hatt påverking eller endring av planane.

Måndag 5. februar d.å. inviterte Aker BP til informasjonsmøte i biblioteket på Bjørkheim, og kunne opplysa at arbeidet no var starta opp og gjekk stort sett etter oppsett plan. Anboda på dei fleste oppdraga var fordelt, deriblant nokre til verksemder i Samnanger. Dette gjeld bl.a. kantinedrift, innkjøp av matvarer frå KIWI bruk av kafé og overnatting på Bjørkheim og i Norheimsund, utleige av kontorlokale i toppetasjen i SAFA bygget , avtale med Solheim Autoservice. Ein forventa og at fleire av arbeidsfolka ville gjera seg nytte av andre servicetilbod som finnes i kommunen.

På møte kom det fram kritikk til byggeleiinga over manglande informasjon spesielt om sprengingsarbeidet som vert utført fleire stader i kommunen. Det same gjeld dirigering av trafikken til/frå øvre Børdal og Høysæter i periodar når arbeid vert utført på anlegget. Prosjektleder Tormod Huseby var overraske over dei negative tilbakemeldingane, og beklaga at informasjonen hadde svikta. Kritikken varr teken til etterretning avbøtande tiltak ville verta sett i verk.

Ifølge Aker BP sin framdriftsplan vil anlegget vera klar til straumsetting først kvartal 2026 og straum tilgjengeleg til Hugin A tredje kvartal 2026.

Nytt informasjonsmøte vil finna stad i løpet av våren 2024.
